

Referat frå styremøte nr. 6 - 2016

Dato: 11.11.2016

Tid: kl. 09.00-12.00

Stad: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune

Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune

Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune

Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune

Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Styremedlem Marit Larssen, Giske kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Erlend Krumsvik

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Referent: Vegard Sperre Austnes

Sak 47/2016: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjent.

Som saker til eventuelt var:

1. Traseval for framtidig nasjonalt hovudvegsamband frå aust til vest. Sunnmøre Regionråd har fått førespurnad frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane om å støtte RV 52 over Hemsedal i konkurransen med RV 7 over Hardangervidda. Styreleiar Jan Ove Tryggestad meldte saka til eventuelt.
2. Tilrettelegging av reise for alvorleg sjuke personar som reiser fra Sunnmøre til St. Olavs Hospital i Trondheim for behandling. Styremedlem Lena Landsverk Sande meldte saka til eventuelt.
3. Brev til Justisdepartementet mfl. vedkomande ressursituasjonen til Møre og Romsdal politidistrikt. Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal meldte saka til eventuelt.
4. Behov for ny veg frå Vik til Skodje (fylkesveg 147) som følgje av Møreaksen. Nestleiar Vebjørn Krogsæter meldte saka til eventuelt.
5. Orientering om Oslo-tur 14.-15. november 2016 for møte med kunnskapsministeren om Lånekassa sitt kontor i Ørsta, samt møter med stortingspolitikarar om Sunnmøre Soningscenter. Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal meldte saka til eventuelt.
6. Vurdering av lønsnivået i Sunnmøre Regionråd. Vurdering av løn til dagleg leiar. Styreleiar Jan Ove Tryggestad meldte saka til eventuelt.
7. Invitasjon til å halde representantskapsmøte (hydrogenseminar) i det nye omsorgssenteret på Vatne i Haram. Bygget er lågenergibygg, og har avanserte tekniske løysingar. Nestleiar Vebjørn Krogsæter meldte saka til eventuelt.

Sak 48/2016: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 23.09.2016 (nr. 5 - 2016)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige styremøte vart godkjent.

Sak 49/2016: Budsjett for Sunnmøre Regionråd 2017

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar presenterte administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2017. Han viste til at kvart enkelt prosjekt i budsjettet vil bli nærare presentert for styret over nyttår. Styret bad om at administrasjonen utarbeider sak om Sunnmøre Regionråd sitt vidare arbeid med kommunereforma.

Vedtak: Styret legg budsjettet fram for representantskapet.

Sak 50/2016: Oppretting av ordførarforum i regi av Sunnmøre regionråd

Ved styremedlem Dag Olav Tennfjord

Tennfjord fremja forslag om oppretting av eit ordførarforum i regi av Sunnmøre Regionråd. Føremålet er å diskutere felles saker og verte betre kjent.

Kommunane kan byte på å vere vertskap. Det kom innspel om at forumet må ha ein møteplan og at det bør veljast ein leiar som kan planleggje møta saman med administrasjonen i Sunnmøre Regionråd. Ordførarforumet er ikkje meint å skulle ha formell makt.

Vedtak: Styret sluttar seg til oppretting av ordførarforum. Lena Landsverk Sande vert valt til første leiar i ordførarforumet.

Sak 51/2016: Demokrati/eDemokrati-prosjektet

Ved rådgivar Erlend Krumsvik

Representantskapet vedtok i sak 29/2016 at Sunnmøre Regionråd skal ta på seg å leie prosjektet. Krumsvik orienterte mellom anna om at det er lagt opp til studietur for ordførarar og rådmenn mfl. til Malmø i januar 2017. Vidare ser ein på moglegheitene for å knyte eit eksternt fagmiljø innan følgjeforsking til prosjektet.

Vedtak: Saka er drøfta.

Sak 52/2016: Sunnmøre Regionråd sitt arbeid i høve til regionreforma

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og rådgivar Erlend Krumsvik

Representantskapet vedtok sak 32/2016 følgjande:

1. Sunnmøre Regionråd ynskjer primært å halde på Møre og Romsdal fylke som eigen region.

2. For å sikre førstehands informasjon og kjennskap til prosessane i Regionreforma, oppretter Sunnmøre Regionråd eit kontaktutval som på vegne av medlemskommunene har vidare dialog med regionråda i Romsdal og på Nordmøre, samt regionråda i Sogn og Fjordane. Styret får fullmakt til å opprette kontaktutval.

3. Kontaktutvalet skal ivareta Sunnmøre Regionråd sine interesser i Regionreforma i tett dialog med det fylkeskommunale forhandlingsutvalet i Møre og Romsdal fylke. Kontaktutvalet si oppgåve er å etablere ein god dialog med sentrale politikarar i regionråda både i Møre og Romsdal og i Sogn og Fjordane.

Krumsvik orienterte om at 22. november 2016 er aktuell dato for møte med regionråda i Sogn og Fjordane, medan 23. november eller 24. november 2016 er aktuell dato for felles møte med regionråda i Romsdal og på Nordmøre.

Styret konkluderte med at dei styremedlemmane som har høve til det deltek på møta som nemnt saman med administrasjonen i Sunnmøre Regionråd. Representantskapet i Sunnmøre Regionråd vert orientert om møta på neste møte i representantskapet 25. november 2016.

Sak 53/2016: Strategisk næringsplan for Sunnmøre

Innleiing ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og styremedlem Dag Olav Tennfjord

Styret vedtok i styresak 39/2016 at administrasjonen skal førebu sak for utarbeiding av sak om strategisk næringsplan for Sunnmøre.

Aurdal viste til at administrasjonen ikkje har ei ferdig sak å leggje fram. Det vart drøfta i styret om planarbeidet skal leggjast opp etter plan- og bygningslova. Dersom ein ikkje legg opp planarbeidet etter plan- og bygningslova står ein friare til å definere planprosessen.

Planen skal etablere eit felles kunnskapsgrunnlag om nærings- og samfunnslivet på Sunnmøre. Det vert viktig å få til eit samspel med næringslivet sine organisasjonar.

Tennfjord hadde utarbeidd innspel til arbeidet med strategisk næringsplan. Han viste til følgjande målsettingar for arbeidet:

- Gjennom eit systematisk arbeid innhente faktagrunnlag om næringsstruktur og næringsutvikling i regionen, herunder dei unike industriklyngene som pregar regionen.
- Påpeike kva samfunnsutvikling som påvirkar framtidig næringsutvikling.
- Påpeike kva moglegheiter og utfordringar vi har knytt til natur- og ressursgrunnlag i regionen.
- Synleggjere fellestrekk og felles utfordringar mellom kommunane som deltek i planarbeidet.
- Leggje til rette for felles prioriteringar og tiltak som kan fremje eit berekraftig, lønsamt næringsliv i regionen.
- Leggje til rette for og stimulere til infrastruktur som fremjar næringsutvikling.
- Leggje til rette for god samhandling mellom forskings- og utdanningsinstitusjonar og næringslivet i regionen.
- Bidra til å marknadsføre regionen sin identitet og unike kvalitetar nasjonalt og internasjonalt.

Styret konkluderte med at administrasjonen skal førebu sak til neste styremøte.

Styremedlemmane Dag Olav Tennfjord og Marit Larssen deltek i dette arbeidet saman med administrasjonen. Dagleg leiar kallar inn til møte.

Sak 54/2016: Eventuelt

1. Styreleiar og dagleg leiar fekk fullmakt frå styret til å førebu eit forslag til uttale om saka som vert lagt fram på representantskapsmøtet 25. november 2016.

2. Administrasjonen i Sunnmøre Regionråd utarbeider eit notat om saka som vert lagt fram for styret.
3. Administrasjonen i Sunnmøre Regionråd utarbeider eit framlegg til uttale som vert sendt til styret på epost.
4. Styret viste til at det kan vere at representantskapet vil sjå på saka.
6. Saka vart drøfta i styret. Konklusjonen var at administrasjonen og styreleiar utarbeider ein lønspolitisk plan i løpet av våren 2017. Administrasjonen og styreleiar legg fram sak og forslag til styret.